

Guten i sin mors poncho

Ein gut på sju
teikna ei teikning
med alvorstema
og fekk beskjed
om å teikne noko anna.

Det er vel meir passande
med båt og bil og sumardraummar
enn mareritt og store flaumar
som me druknar i.
I ein barneskule.
I ein teiknepause.

Ein gut på åtte
har teikna fleire teikningar,
og ein gut ber.
Men guten sluttar.
Han har gitt mange hint til no,
ingen ser.

Ein gut på ni
leiker ikkje lenger.
Guten er stille og for seg sjølv
og ikkje lenger sosial.
Mor hans forstår ikkje
kor gladguten vart av.

Ein gut på ti
blir undersøkt av instansane.
Av alle saman, det har blitt ei vane.
Han har forklart for lenge sia,
men ingen brydde seg.
'Det nyttar ikkje seie frå.'

Ein gut på elleve
søv i mor si sin poncho.
Dei sit saman på sofaen, han inntil ho.
Dei blir større, åtferdsproblema;
vald mot medelevar, mot læraren,
ingen forstår.
Og tida går.

Ein gut på tolv
tok livet av seg.
Ingen forstod.
Gutar på tolv gjer jo ikkje sånt,
Eller?

Kirsti Karina Dahl Sæternes

Men ein gut på sju
han sa ifrå,
med teikninga,
og fekk beskjed
om å teikne
noko anna.